



Informasjon om undervising om vald og seksuelle overgrep

Kjære føresette

Vår kommune vil at alle barn og unge skal få informasjon og kunnskap om vald og seksuelle overgrep. I løpet av barnehage og skuleåret vil dette difor vera tema. Barnekonvensjonen slår fast at alle barn har rett til å bli verna mot vald og seksuelle overgrep. Undersøkingar visar at kvar femte jente, og kvar tiande gut meld frå om at dei har vorte utsett for vald og/eller seksuelle overgrep. Vald og overgrep er eit alvorleg folkehelseproblem.

Temaet er omgitt av tabu og teie. Barn som er utsette for seksuelle overgrep fortel i gjennomsnitt ikkje før det har gått 17,5 år sidan overgrepa. Mange barn veit ikkje at dette ikkje er lov, eller dei trur det skal vera slik. Difor må vi snakka om vald og overgrep slik at barn veit kva dette er, og at dei veit at slike løyndommar skal ein dele med trygge vaksne.

Mange vaksne unngår å snakke med barn om vald og overgrep, gjerne fordi dei er usikre på korleis ein skal gjere det, eller ein fryktar at det kan vere eit skremmande tema for barna. Dette gjer at barn gjerne ikkje får nødvendig kunnskap om kva eit overgrep er, og dermed ikkje veit kva dei vert utsette for. Å samtale med barn om vald og seksuelle overgrep på ein tydeleg og trygg måte, er noko av det viktigaste vi vaksne gjer. På denne måten kan vi førebyggje og eventuelt avdekkje, slik at vald og overgrep kan verte stoppa.

Barn er naturleg nysgjerrige og får med seg mykje gjennom media og samtalar med andre barn. Dei har mange ting dei lurar på og vil ha svar på, også når det gjeld kropp og seksualitet. God informasjon frå vaksne om vald og overgrep gjer ikkje at barn kjenner seg redde, det gjer at dei kan kjenna seg trygge.



Om undervisinga:

I undervising om temaet vil me nytta nettsida www.jegvet.no. Her vert ulike tema teke opp på ein enkel og tydeleg måte gjennom filmar, aktivitetar og samtale/refleksjon. Undervisningsmaterialet er laga i samarbeid mellom Salaby, Bufdir, Redd Barna og RVTS.

Når barna kjem heim etter denne undervisinga vil nokon kanskje fortelje eller stilla meir spørsmål rundt dette teamet. Vær ein trygg vaksen og snakk ope med borna, og svar så godt du kan. Om det er ting du som føresett ikkje kan svara på, ta gjerne kontakt med barnehagen/skulen, helsestasjonen eller andre som kan hjelpa med å finne eit passende svar. Det er viktig at vi møter det barnet kjem med, og gir så gode svar vi kan. Det er viktig at vi vaksne ikkje blir sinte, påfører barna skam eller skuldkjenle. Vær heller lyttande og forståingsfull.

Alle barnehagar og skular i kommunen vår vil ha ein tilsett som vil vera barnas verneombod i eininga. Barnas verneombod vil sikra at barnehagen/skulen har kompetanse om vald og overgrep, og skal sikra at alle barn får kunnskap om temaet.

Målet med undervising og samtale om temaet er:

- Å gje barn kunnskap om kva vald og overgrep er, og at dette ikkje er lov.
- Dei skal vita at dei kan setje grenser for eiga kropp.
- At det aldri er barn si skuld at vald og overgrep skjer.
- Kvar dei kan henvende seg for å få hjelp om dei er utsett for vald eller overgrep.
- At dei har rett til å få hjelp om dei er utsett for vald eller overgrep.

Dette er viktig for å kunne førebyggje vald og overgrep mot barn. Rammeplanen for barnehagar og læreplanen i skulen tek opp temaet folkehelse og livsmeistring.

Med venleg helsing
